



Bokn kommune

Dato: 26.08.2026

Arkivsak-ID.: 26/511

JournalpostID: 26/2596

Saksbehandlar: Ingeborg Skjølingstad

Kommunedirektør/rådmann:

Saksnr.	Utval	Møtedato
081/26	Formannskapet	08.09.2026
	Kommunestyret	

Konstituering av kommunedirektør i Bokn kommune

Ordføreren sitt framlegg til vedtak:

Michael Gräfe vert konstituert som kommunedirektør frå 01.10.2026 og fram til ny kommunedirektør tiltretr stillinga.

Løns- og arbeidsvilkår vert fastsette i samsvar med gjeldande vilkår for kommunedirektørstillinga.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad har sagt opp stillinga si og avsluttar arbeidsforholdet sitt i Bokn kommune 01.10.2026. Prosessen med rekruttering av ny kommunedirektør er sett i gang, og arbeidsplanen er per i dag å tilsetje ny kommunedirektør innan utgangen av 2026. Det er difor behov for å konstituere ein kommunedirektør fram til ny kommunedirektør tiltretr stillinga.

Kommunelova § 13 første ledd slår fast at det er kommunestyret sjølv som tilset kommunedirektøren, som skal vere leiar for kommunen sin administrasjon. At lova fastset at det er kommunestyret sjølv som tilset kommunedirektør, inneber at kommunestyret ikkje kan delegere sjølve tilsettingsmynda vidare.

Føresegna er likevel ikkje til hinder for at kommunestyret delegerer mynde til å fastsetje løns- og arbeidsvilkår.

Vurdering

Det vert tilrådd at Michael Gräfe vert konstituert som kommunedirektør frå 01.10.2026 og fram til ny kommunedirektør har tiltredd stillinga.

har god oversikt og er allereie involvert i fleire sentrale og pågåande prosessar. Ei konstituering av vil sikre tilstrekkeleg kontinuitet i desse prosessane og bidra til at oppgåvene som kommunedirektør vert ivaretekne på ein tilfredsstillande måte.

Ordføraren meiner vidare det er naturleg at konstituert kommunedirektør vert tilbydd dei same løns- og arbeidsvilkåra som gjeld for den faste kommunedirektøren.